



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgjevar Hilde Kristin Haugen, 71258537
Rådgjevar Janne Woie, 71258438

Vår dato
11.05.2011
Dykkar dato
09.02.2011

Vår ref.
2011/1098/EIAN/755
Dykkar ref.
201100885 EP KKF/LVM/

Justisdepartementet
Lovavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høringsuttale om forskrift til ny verjemålslov og endring i anna lovgiving som følgje av ny verjemålslov m.v

Det blir vist til høringsbrev av 09.02.2011 vedkommande forslag til forskrift knytt til den nye verjemålslova og endring i anna lovgiving. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har valt å gi merknader til enkelte delar av forslaget.

DEL I. FORSKRIFT TIL VERJEMÅLSLOVA

5. Verjemålsmynde

Punkt 5.1 Fylkesmannen si opplæringsplikt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som positivt at ansvaret for opplæring, rettleiing og tilsyn overfor verjene blir spesifisert i forskrifta sitt kapittel 1.

Det vil vere mest hensiktsmessig at den nærmere organiseringa av opplæring av verjene overlatast til det enkelte embetet. Dette då det enkelte fylkesmannsembete kjenner fylket sitt best og kan tilpasse opplæringa etter der det er behov.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er einig med departementet om at det ikkje er behov for å forskriftfeste at eksisterande verjer skal få opplæring. Fylkesmannen ser at den nye lova og tilhørande forskrift fordrar omfattande opplæring av eksisterande verjer i tillegg til dei nye verjene.

Punkt 5.2 Fylkesmannen si rettleatings- og bistandsplikt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal stiller seg positiv til at bistandsplikta går lengre enn den generelle rettleatingsplikta fylkesmannen har etter forvaltningslova. Dette gir fylkesmannen eit godt reiskap for å sikre høg kvalitet på verjemålsarbeidet. Fylkesmannen legg til grunn at dei nærmere grensene for bistandsplikta blir gjort greie for i rundskriv.

Punkt 5.7 Den sentrale verjemålsmyndigheita sine oppgåver

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som positivt at den sentrale verjemålsmynda sitt opplæringsansvar ovanfor fylkesmennene vert slått fast i forskrift.

Punkt 6 Saksbehandlingsreglar i verjemålassaker

Punkt 6.1 Begjæring om verjemål

Etter Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering vil det vere hensiktsmessig å utarbeide eit standardskjema for begjæring om verjemål. For den som skal melde frå om behovet for verjemål, vil skjemaet gi ein viss peikepinn på kva for opplysningar som er nødvendige å gi til fylkesmannen. Det er etter fylkesmannens vurdering ikkje nødvendig å forskriftsfeste plikt til å utarbeide eller til å nytte eit slikt skjema, då dette kan ekskludere enkelte frå å melde behov for oppnemning av verje.

Punkt 6.2 Meldeplikt ved behov for verjemål

Det bør vere eit eige skjema som offentlege organ skal nytte når det ser behov for å oppnemne verje. Omsyna som er knytt til punkt 6.1 vil ikkje gjere seg gjeldande her, då meldeplikta ikkje blir knytt til enkeltpersonar, men til offentlege instansar/organ. Nettopp for å understreke at mellom anna institusjonar og kommunale organ har ei plikt til å melde til fylkesmannen ved behov for verjeoppnemning, bør dette forskriftsfestast.

Etter fylkesmannen si vurdering vil det vere hensiktsmessig at det i eit slikt skjema blir sett av plass til å gi forslag til verje. Dette då fylkesmannen ikkje vil ha same lokalkunnskap om personlege forhold med vidare som dei lokale overformynderia har i dag.

6.3 Fylkesmannen sin rett til å få lagt fram dokumentasjon

Etter Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering er det hensiktsmessig at det blir forskriftsfesta at fylkesmannen kan krevje framlagt dokumentasjon som nemnt i verjemålslova § 59, 1. ledd bokstav a og c.

Det er også positivt at det blir forskriftsfesta at lege eller annan sakkunnig skal nytte eigen blankett når dokumentasjonen skal sendast derfrå. Fylkesmannen ser i ei rekke saker at legeerklæringar er mangelfullt utfylt, noko som forlengar saksbehandlingstida med at ein må innhente nye legeerklæringar. Særleg ser fylkesmannen at legeerklæringane sjeldan seier noko om personen har samtykkekompetanse eller ikkje.

Vidare støtter fylkesmannen departementet sitt forslag om at skal vere eit vilkår for å krevje honorar at blanketten er fullstendig utfylt. Fylkesmannen er einig med departementet i at det er hensiktsmessig å ha ein dialog med Den norske legeforening om utforming av blankett og rettleiande takst for honorering.

Punkt 6.4 Vilkår for lån frå midlar som tilhører personar under verjemål

Det kan sjå ut som at vilkåra for å gi lån av midlar som tilhører personar som står under verjemål er lempa i forhold til dagens lovgiving. Etter Fylkesmannen i Møre og Romsdal si

vurdering bør ikkje vilkåra for å ta opp lån av midlar som tilhører personar under verjemål lempast på. Det bør presiserast om verja sjølv eller dei nærmeste pårørande kan låne midlar både frå barn under 18 år og frå vaksne som er sett under verjemål. Etter fylkesmannen si vurdering bør det anten forskriftsfestast eller presiserast nærmare i rundskriv om det er høve til å låne midlar til alle føremål, om det skal betalast renter og avdrag på lånet, samt om det skal stillast vilkår om når lånet skal forfalle til betaling. Det bør også bli gitt nærmare retningslinjer på kor mykje av dei totale midlane ein kan låne ut og kva som ligg i at det blir stilt "betryggende sikkerhet for kravet", jf. forskrift § 16, 2. punktum.

7 Verjer

Punkt 7.1 Politiattestar for oppnemnte verje mv. – forslag til endring av lova og supplerande forskriftsføresegn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som hensiktsmessig at det blir stilt eit krav om politiattest for å kunne forhindre at verjer tileigner seg den verjetrengande sine midlar eller utnytter vedkommande på annan måte. Dette vil spesielt gjere seg gjeldande overfor dei faste verjene. Fylkesmannen er einig med departementet i at verjemålslova § 26 bør bli endra slik at føresegna viser til dei straffeboda som følgjer av politiregisterlova § 39 om barneomsorgsattest. Fylkesmannen har ikkje same lokalkunnskap om personar som kan eigne seg som verje i kommunane og politiattesten vil vere ein viktig del av vurderinga om ein person er eigna.

Punkt 7.2 Godtgjering til verja

Fylkesmannen er einig i at godtgjering til verjer blir forskriftsfesta. Dette kan mellom anna forenkle arbeidet med å rekruttere verjer. Vidare ser fylkesmannen det som positivt at godtgjeringa som hovudregel blir gitt som fast årleg godtgjersle, noko som også vil forenkle fylkesmannen sitt arbeid.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser at nærståande som hovudregel ikkje skal få godtgjering lik faste verjer. Ei slik forskjellshandsaming vil kunne by på utfordringar, ikkje minst i høve rekruttering. Dette gjeld sjølv om det i forskrifta blir gitt høve til å gi godtgjering til nærståande dersom særlege grunnar taler for det.

Etter fylkesmannen si vurdering bør ein ta utgangspunkt i indeksregulering for godtgjering av dei faste verjene. Dette då ein tar høgde for den reelle prisveksten.

Fylkesmannen er einig med departementet i at fritak frå lønnsoppgåveplikta kan vere eit positivt verkemiddel for å rekruttere alminnelege, frivillige verjer. Vi støtter difor departementet sitt forslag om å endre forskrift av 30.12.1983 nr. 1974 om begrensning av lønnsoppgaveplikten § 1.

Punkt 7.3: Dekning av verja sine utgifter

Når det gjeld dette punktet støtter Fylkesmannen i Møre og Romsdal alternativ 1 om at den sentrale verjemålsmyndigheita skal fastsette ein fast årleg sats. Som departementet peikar på, vil dette gi moglegheit for ei fleksibel tilpassing av den årlege satsen etter faktisk erfart utgiftsnivå i verjemålssakene. Sjølv om alternativ 2, forskriftsfesta nivå på fast årleg sats som eventuelt blir indeksregulert, vil gi større forutsigbarheit og kan vere arbeidssparande

for den sentrale verjemålsmyndigheita, vil alternativ 1 vere det beste alternativet då ein tar høgde for det faktiske utgiftsnivået.

Punkt 7.4 og 7.5: Inntektsgrense for fylkesmannen si dekning av godtgjering og utgifter/ formuesgrense for fylkesmannen si dekning av godtgjering og utgifter

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser det som positivt at det blir forskriftsfesta inntekts- og formuesgrenser for når fylkesmannen skal dekke verja sin godtgjersle og utgifter. Ei slik forskriftsfestning vil forenkle arbeidet knytt til godtgjering/dekning av utgifter, i tillegg til at det vil skape forutsigbarheit og rettslikskap.

Punkt 7.6: reglar om verjerekneskapen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal støtter departementet sitt forslag knytt til reglar om verjerekneskap. Ei spesifisering av kva verja årleg skal oversende fylkesmannen vil gjere det klart og forutsigbart kva for dokumentasjon det er forventa blir oversendt. Gjennom fylkesmannen sin desisjon og tilsyn med overformynderia, har vi erfart at hjelpeverjer ofte opplever det som byrdefullt å skulle føre og sende inn rekneskap. I tillegg har vi erfart at overformynderia i stor grad også har frittatt hjelpeverjer for rekneskapsplikt då ein ikkje vil risikere å miste hjelpeverjer grunna rekneskapsplikta. Etter fylkesmannen si vurdering vil klare og tydelege krav knytt til verjerekneskapet kunne bidra til at det blir enklare for verjer å oppfylle rekneskapsplikta si, samstundes som ein kan behalde dei som allereie er oppnemnt.

8 Finansiell forvaltning

Punkt 8.1: Grensa for når midlar skal forvaltas av fylkesmannen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal støttar forslaget om å endre beløpsgrensa opp til 2 G. Fylkesmannen vurderar det også som positivt at beløpet vert knytt opp til folketrygda sitt grunnbeløp.

Punkt 8.2: Verjer si meldeplikt om midlar som skal forvaltast av fylkesmannen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar det som positivt at den generelle meldeplikta blir vidareført.

Det leggjast til grunn at fylkesmannen si opplæringsplikt omfattar ei plikt til å gjere ordninga kjend.

Punkt 8.3 og 8.4: Melding om opplysningar frå skattemyndigheita til fylkesmannen og melding om forsikringsutbetalingar m.v. til mindreårige

Fylkesmannen er einig med departementet i at det er behov for reglar som i større grad enn i dag sikrar at fylkesmannen får tilstrekkeleg tilgang til slike opplysningar. Forslaget om at tidspunktet for melding til fylkesmannen blir sett til 15. mai, støttast med tanke på at fylkesmannen har moglegheit til å avslutte arbeidet med kontroll av verjerekneskapane.

Fylkesmannen støtter forslaget om at forsikringsselskap skal gi melding til fylkesmannen uansett forsikringsbeløpet sin storleik.

DEL II. ENDRINGAR VERJEMÅLSLOVA. ENDRINGAR I ANNA LOVGIVNING SOM FØLGJE AV NY VERJEMÅLSLOV

1.4 Særleg om fylkesmannen si rolle etter helse- og sosiallovgivinga

I høringsnotatet peiker departementet på utfordringar som kan oppstå i tilknyting til fylkesmannen si rolle i helse- og sosialsaker.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderar det slik at fylkesmannen bør være einaste organ i landet med mynde til å oppnemne verjer. Fylkesmannen vil ha spesialkompetanse på å oppnemne verjer, noko som vil medføre ei rask og betryggande sakshandsaming. I saker etter helse- og sosiallovgivinga må dette antakast å være spesielt viktig.

Utfordringar knytt til fylkesmannen si rolle i helse- og sosialsaker er fullt ut løysbare ved organisatoriske grep internt i embetet. Skulle det oppstå ein situasjon der habiliteten kan trekkjast i tvil, vil ein kunne be om at settefylkesmann vert oppnemnt på vanleg måte. Fylkesmannen viser for øvrig til høringsuttale frå Helse- og omsorgsdepartementet vedrørende dette, som vi sluttar oss til.

Ei vidareføring av ordninga med tingretten som oppnemningsstyresmakt på enkelte saksområde innanfor helselovgivinga, saker som gjeld svangerskapsavbrot, sterilisering og kastrering, vert difor ikkje støtta. All oppnemning av verjer bør samlast hos fylkesmannen.

2 Andre lovendringsforslag

Punkt 2.2 Forvaltning av tryggleiksfond

Fylkesmannen i Møre og Romsdal støtter departementet sitt forslag om å samle dei noverande tryggleiksfonda i eitt nasjonal tryggleiksfond for midlar som forvaltast av fylkesmannen. Som departementet påpeikar vil midlane då bli nytta til det føremål som var tilsikta ved innsamlinga av dei, nemleg å fungere som eit erstatningsfond for eventuelle tap som oppstår.

Med helsing

Kjeld Brekke (e.f.)
Ass. fylkesmann

Janne Woie
Janne Woie